



# Meland kommune

## Økonomiplan 2019-2022

Oppdatert per 7 nov 2018

### Innhald:

1.	Framlegg til vedtak .....	2
2.	Vurderingar og prioriteringar .....	2
2.1.	Hovudmål for utviklinga – Meland på veg inn i Alver kommune .....	2
2.2.	Prognose for folketalsutviklinga 2019-2022 .....	3
2.3.	Utfordringar .....	3
3.	Disponible inntekter, skjema 1A .....	4
4.	Netto driftsramme for tenesteområda .....	4
5.	Innsparingstiltak .....	6
6.	Disposisjonsfond og flyktningefond .....	8
7.	Investeringar økonomiplan 2019-22 .....	9
7.1.	Auke i renter og avdrag .....	10
7.2.	Auke i gjeld i økonomiplanperioden .....	10

## 1. Framlegg til vedtak

1. Investerings- og kapitalbudsjettet for økonomiplanperioden blir vedteke i samsvar med oppsettet i eigen tabell med summar per år slik:

År (tall i mill. kr)	2019	2020	2021	2022
Sum investeringsramme	216,2	121,7	77,3	37,6

2. Kommunestyret godkjenner vedlagte økonomiplandokument med følgjande økonomiske driftsrammer for perioden 2019 – 2022 (tall i mill. kr):

År	2019	2020	2021	2022
Ramme netto inntekter/finans:	475,5	480,1	487,6	498,0
Utgiftsramme tenestoområda:	475,5	475,9	476,6	477,6
Avsetning til fond (overskot):	0	4,2	11,0	20,4

3. Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.

## 2. Vurderingar og prioriteringar

### 2.1. Hovudmål for utviklinga – Meland på veg inn i Alver kommune

Hovudmålet i oppdatering av planen er gjennom arbeidet med 2019-budsjettet å konkretisere utfordringane som låg i planen for 2019-2022 som vart vedteken i juni 2018, særleg posten med uspesifiserte innsparingar på kr 11 mill. Det er og viktig å leggje til rette for økonomisk balanse i Meland kommune sin drift, og på denne måten sikre at intensjonsavtalen og omstillingsavtalen sine mål for oppretting av Alver kommune kan oppfyllest. I samanslåingsavtalen er det eit mål å ta bort eigedomsskatten på bustader og hytter, samt sikre dei tilsette mot oppseiing med grunnlag i effektivisering/trong for innsparingar i drifta, knytt til samanslåinga. Rådmannen har i oppdateringa av økonomiplanen ikkje funne det forsvarleg å redusere eigedomsskatten, men har vektlagt tiltak som gjer at ein ikkje skal ha behov for oppseiingar.

Meland kommune har dei siste åra opplevd ein eventyrleg vekst i folketal. Dette har gjort det naudsynt å auke kapasiteten ved fleire av skulane og barnehagane våre. Denne kapasitetsveksten er sikra gjennom godt samarbeid mellom private aktørar og kommunen. Når folkeveksten no har stoppa opp, eller er vesentleg redusert, må vi justere våre ambisjonar for vekst i tenesteproduksjonen og bygningsmasse.

Rådmannen gjer i den oppdaterte økonomiplanen framlegg om relativt omfattande reduksjonar i investeringsbudsjettet, drifta og tenesteproduksjonen. Dette som eit svar på bestillinga til administrasjonen som ligg til grunn i vedtaket frå juni 2018 om økonomiplan for 2019-2022. Rådmannen vil så langt råd er konkretisere dei uspesifiserte innsparingane som ligg i vedtaket frå juni, slik at kommunestyret kan vedta eit ferdig saldert budsjettframlegg i desember 2019. Kommunen må gjere det den kan for å sikre føreseielege rammer for våre samarbeidspartar og føreseielege lovpålagde tenester til innbyggjarane.

I økonomiplan for 2019-2022 som vart vedteken i juni 2018 vart râmene for investeringar i økonomiplanperioden redusert med kr 265 mill. ved å skyve deler av investeringane til 2023 eller seinare. Det låg likevel inne investeringar for totalt kr 656 mill. i perioden 2019-2022. Forskyvinga reduserte dei årlege driftsutgiftene med om lag kr. 10 mill. dei siste åra i økonomiplanperioden. Dette kuttet viser seg no å ikkje vere tilstrekkeleg for å oppnå balanse i drifta, og i det oppdaterte investeringsframlegget er både tilskotet til arbeidskyrkja på Frekhaug og heile summen til ny ungdomsskule skjøve ut til etter 2022, og dermed er kostnadar til renter og avdrag teke ytterlegare redusert i høve opphavleg plan.

I dette oppdaterte framlegg til økonomiplan er såleis ytterlegare investeringar på kr 253 mill. flytta ut av økonomiplanen (tot. kr 518 mill.), slik at vi no gjer framlegg om investeringar for totalt kr 453 mill. i perioden 2019-2022. Forskyvingane inneber årseffekt av reduserte renter og avdrag med om lag kr 22 mill.

## 2.2. Prognose for folketalsutviklinga 2019-2022

Utvikling i folketal og den demografiske utviklinga er eit viktig grunnlag for å kunne berekne den forventa økonomiske utviklinga for kommunen. Veksten i folketal i Meland kommune vart i 2017 på 0,7%, som er det lågaste sidan 1995. Det er låg folkevekst også nasjonalt. Ny folketalsprognose frå SSB kom i juni 2018, og denne viser lågare vekst både nasjonalt og for Meland kommune enn i tidlegare prognose. Veksten så langt i 2018 har også vært lågare enn det den oppdaterte prognosen viser.

Rådmannen legg difor til grunn i økonomiplanen at folketalet per 1.1.2019 vert noko lågare enn i SSB sine prognosar, men at vi etter dette skal ha same veksttakt som SSB-prognosane. Veksten i perioden 2019 – 2022 er difor noko høgare enn i den vedtekne planen frå juni 2018, som la til grunn ein årleg vekst på 1,2%. I oppdatert plan er veksten i 2018 på 0,9%, og i økonomiplanen 2019-2022 på om lag 1,9% - 2,0% per år.

Alle	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
01.01. i året	7 347	7 544	7 736	7 812	8 021	8 079	8 150	8 309	8 468	8 631	8 794
Endring i året	197	192	76	209	58	71	159	159	163	163	
Endr. i året %	2,7 %	2,5 %	1,0 %	2,7 %	0,7 %	0,9 %	2,0 %	1,9 %	1,9 %	1,9 %	
01.07 i året	7 477	7 667	7 789	7 944	8 039	8 094	8 231	8 390	8 551	8 714	
Endring frå året før	257	190	122	155	95	56	137	159	161	163	
Endr. i frå året før	3,6 %	2,5 %	1,6 %	2,0 %	1,2 %	0,7 %	1,7 %	1,9 %	1,9 %	1,9 %	

## 2.3. utfordringar

Arbeidet med samanslåinga til Alver kommune opptek etter kvart en god del administrative ressursar. Det er vanskeleg hausten 2018 i budsjett og økonomiplan å gjere vedtak om å gå gong med omstillingstiltak som tek tid å implementere, når struktur og organisering uansett skal endrast frå 1. januar 2020 i Alver kommune.

I framlegget er det lagt til grunn at driftsnivået i 2019 er kr 14,6 mill. høgare enn inntektene. I økonomiplanen vedteken i juni opererte vi med eit behov for kutt i rammene til tenesteområda i 2019 med om lag kr 11 mill. Auken skuldast følgjande:

- Prosjektet Miljøtiltak i skulen er lagt inn i budsjettet for 2019 med kr 1,0 mill. vedteken finansiert med disposisjonsfond.
- Vi har noko lågare inntekter enn rekna med som følge av lågare folkevekst enn forventa.
- Fleire tenester har høgare kostnader i 2018 enn rekna med. I samband med økonomirapportering for 2. tertial vart driftsrammene til tenesteområda auka med 5,95 mill. Dette oppjusterte driftsnivået dreg vi med oss inn i 2019, og har gjort budsjettarbeidet for 2019 og vidare i økonomiplanen for 2020-2022 enda meir krevjande.

Det er difor i den oppdaterte økonomiplanen vorte enda meir krevjande å finne rom til å kunne finansiere nye investeringar og prioritere mellom ulike driftstiltak i økonomiplanperioden, og å gjennomføre kutta samstundes som ein skal førebu kommunesamanslåinga. Rådmannen meiner det er viktig å legge opp til at Meland kommune skal gå inn i Alver kommune med eit driftsnivå som er berekraftig på sikt, og vil difor i den oppdaterte økonomiplanen og i budsjettframlegget for 2019 gjere framlegg om kutt i tenestetilbodet i Pleie- og omsorg og ein mindre omlegging av skulestrukturen. Dette er likevel ikkje tilstrekkeleg til å få drifta i balanse, og rådmannen har difor i tillegg fremja framlegg om auke i eigedomsskatt og noko større bruk av flyktningefondet enn det som ein tidlegare har lagt opp til.

### 3. Disponible inntekter, skjema 1A

Basert på berekna folketalsvekst og oppdatert prognosemodell frå KS er forventa inntektsnivå framover berekna som i budsjettskjema 1A drift nedanfor. I forhold til førre økonomiplan er forventa framtidig inntektsnivået justert betydeleg ned som følgje av redusert folketalsvekst. På tross av at det er vedteke at Meland kommune vert del av nye Alver kommune frå 1.1.2020 skal kommunen lage økonomiplan fram til 2022 som om kommunen skal fortsette som frittstående kommune.

Budsjettskjema 1A - drift	Rekn. 2017	Progn. 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022
Skatt på inntekt og formue	193 046	202 578	206 404	211 940	217 473	223 214
Ordinært rammetilskot	238 626	241 172	253 196	259 260	264 427	269 486
Skatt på eigedom	19 147	20 050	27 900	28 050	28 250	28 450
Andre generelle statstilskot	25 230	1 700	1 700	1 500	1 200	1 200
Korr postar ført i budsjettskjema 1B	-21 629	-150	-550	-550	-550	-550
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>454 420</b>	<b>465 350</b>	<b>488 650</b>	<b>500 200</b>	<b>510 800</b>	<b>521 800</b>
Renteinntekter og utbyte	6 707	9 270	5 650	5 300	5 300	5 300
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	-8 063	-10 100	-11 710	-13 800	-14 400	-13 900
Avdrag på lån	-15 613	-16 600	-18 789	-18 796	-18 818	-18 806
Kalk. rente og avskrivn. overført til sjølvkostrekn.		12 300	12 250	12 300	12 300	12 300
Renteutgifter nye lån frå og med 2019	-	-	-690	-2 190	-3 500	-3 880
Avdrag på nye lån frå og med 2019		-	-2 611	-4 384	-5 551	-6 284
<b>Netto finansinntekter og utgifter</b>	<b>-16 969</b>	<b>-5 130</b>	<b>-15 900</b>	<b>-21 570</b>	<b>-24 670</b>	<b>-25 270</b>
<b>Netto avsetninger</b>	<b>5 931</b>	<b>6 630</b>	<b>2 730</b>	<b>1 500</b>	<b>1 500</b>	<b>1 500</b>
<b>Netto inntekt til fordeling drift</b>	<b>443 382</b>	<b>466 850</b>	<b>475 480</b>	<b>480 130</b>	<b>487 630</b>	<b>498 030</b>
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	443 382	466 850	475 480	475 930	476 630	477 630
<b>Regneskapsmessig meir/mindreforbruk</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>4 200</b>	<b>11 000</b>	<b>20 400</b>
% mindreforbruk i forhold til netto inntekt				0,87 %	2,26 %	4,10 %
<b>Auke frie disponible inntekter per år</b>		<b>10 930</b>	<b>23 300</b>	<b>11 550</b>	<b>10 600</b>	<b>11 000</b>
<b>Auke i %</b>		<b>2,4 %</b>	<b>4,8 %</b>	<b>2,4 %</b>	<b>2,1 %</b>	<b>2,2 %</b>
<b>Sum kostnader til renter og avdrag på nye lån 2019-2022 (inkl. i tallene over)</b>			<b>3 301</b>	<b>6 574</b>	<b>9 051</b>	<b>10 164</b>

I budsjettskjema 1A er renter og avdrag til nye lån i økonomiplanperioden teke med på egne linjer under netto finanspostar, og oppsummert nedst i tabellen. Tala for budsjett 2019 og framover er oppjustert til 2019-prisnivå. Skatt og rammetilskot er i framlegget til økonomiplan for 2019-22 redusert med kr 0,6 mill. i 2019, og auka med kr 2,4 mill. i 2020 og 5,9 mill. i 2021 og 10,1 mill. i 2022 i forhold til veksten lagt inn i førre økonomiplan.

Skatt og rammetilskot - Økonomiplan 2019-2022	Rekn. 2017	Prognose 2018	Budsjett 2019	Øk-plan 2020	Øk-plan 2021	Øk-plan 2022
Øk.plan 19-22 vedtak i juni - priskorr.	427 725	440 800	460 200	468 800	476 000	482 600
nytt framlegg øk.plan 19-22	427 725	443 750	459 600	471 200	481 900	492 700
<b>Endring i forhold til førre plan</b>	<b>-</b>	<b>2 950</b>	<b>-600</b>	<b>2 400</b>	<b>5 900</b>	<b>10 100</b>

Auken skuldast at vi nå legg til grunn SSB sin nye folketalsprognose med høgare vekst enn det som vart lagt til grunn i planen vedteken i juni.

### 4. Netto driftsramme for tenesteområda

I Budsjettskjema 1A over går det fram at rammetilskot, skatt og andre finanspostar før særskilte innsparings- og finansieringstiltak i revidert budsjett for 2018 er på kr 460,2 mill., sjå øvst i tabellen under. Rammene til tenesteområda i 2018 er kr 466,85 mill., resultatet er på minus kr 6,63 mill. som er finansiert med bruk av disposisjonsfond. Merk at tal for perioden 2020-2022 er i 2019-prisnivå.

TO	Rammer per tenesteområde Økonomiplan 2019-2022	rev. bud 2018	budsj 2019	øk.plan 2020	øk.plan 2021	øk. plan 2022
12	Rammetilskot, skatt og andre finanspostar	460 220	465 150	470 410	476 055	481 980
10	Politikk/Rådmannskontor	17 750	18 073	18 073	18 073	18 073
11	Økonomikontor	9 740	10 622	10 622	10 622	10 622
13	IKT, Brann mm.	15 760	15 980	15 980	15 980	15 980
14	Rådgjevartenesta	9 970	10 228	10 038	10 038	10 038
15	Barnehagar - private+tilsyn	84 460	88 067	88 717	88 717	88 717
19	PPT	2 980	3 079	3 079	3 079	3 079
20	Kommunal Barnehagedrift	7 010	7 590	7 590	7 590	7 590
21	Grasdalen skule	14 060	14 401	14 401	14 401	14 401
23	Ung.skulen og Vaksenoppl.	17 040	18 580	18 980	18 820	18 820
24	Rossland skule	25 260	25 159	24 959	24 959	24 959
25	Sagstad skule	32 210	35 582	37 002	37 502	38 002
26	Vestbygd skule	19 920	19 585	19 585	19 585	19 585
30	Helse	27 940	28 083	28 303	28 533	28 973
35	Sosiale tenester (NAV)	12 280	13 166	13 366	13 366	13 366
36	Barnevern	13 170	13 356	13 356	13 356	13 356
37	Meland Sjukeheim	47 800	46 611	46 611	46 611	46 611
38	Meland heimetenester	65 970	68 303	68 303	68 303	68 303
50	Kulturkontor	10 470	11 130	11 380	11 430	11 490
60	PUK - Plan, Utbygg., Komm.tekn.	33 060	32 185	32 685	32 765	32 765
	Sum rammer per Tenesteomr. før innsparinger	466 850	479 780	483 030	483 730	484 730
	<b>Resultat før særskilte innsp.tiltak</b>	<b>-6 630</b>	<b>-14 630</b>	<b>-12 620</b>	<b>-7 675</b>	<b>-2 750</b>

I 2019 reknar vi med netto inntekter frå skatt, rammetilskot og andre finanspostar inkl. renter og avdrag på kr 465,15 mill. Summering av tenesteområda sine budsjettframlegg inneber utgifter på kr 479,78 mill., og vi manglar dermed kr 14,63 mill. for å gå i balanse. I resten av økonomiplanperioden legg rådmannen opp til at inntektene skal vekse til kr 482 mill. i 2022, og ein moderat vekst i utgiftsrammene til tenesteområda fram til 2022 (kr 484,7 mill.), slik at det negative resultat før særskilte tiltak vert redusert ned til kr 2,75 mill.

Endringane per år kan spesifiserast i følgjande tabell:

Endring rammer per år Øk.plan 2019-2022	Endr. 2018-19	Endr. 2019-20	Endr. 2020-21	Endr. 2021-22	Sum endr. 2018-22
<b>Rammetilskot, skatt og finanspostar</b>	<b>4 930</b>	<b>5 260</b>	<b>5 645</b>	<b>5 925</b>	<b>21 760</b>
Politikk/Rådmannskontor	323				323
Økonomikontor	882				882
IKT, Brann mm.	220				220
Rådgjevartenesta	258	-190			68
Barnehagar - private+tilsyn	3 607	650			4 257
PPT	99				99
Kommunal Barnehagedrift	580				580
Grasdalen skule	341				341
Ung.skulen og Vaksenoppl.	1 540	400	-160		1 780
Rossland skule	-101	-200			-301
Sagstad skule	3 372	1 420	500	500	5 792
Vestbygd skule	-335				-335
Helse	143	220	230	440	1 033
Sosiale tenester (NAV)	886	200			1 086
Barnevern	186				186
Meland Sjukeheim	-1 189				-1 189
Meland heimetenester	2 333				2 333
Kulturkontor	660	250	50	60	1 020
PUK - Plan, Utbygg., Komm.tekn.	-875	500	80		-295
<b>Sum rammer per Tenesteomr. før innsp.</b>	<b>12 930</b>	<b>3 250</b>	<b>700</b>	<b>1 000</b>	<b>17 880</b>
<b>Resultat før særskilte innsp.tiltak</b>	<b>-8 000</b>	<b>2 010</b>	<b>4 945</b>	<b>4 925</b>	<b>3 880</b>

I 2019 reknar vi med auke i netto inntekter med kr 4,9 mill. Rammene til tenesteområda er i sum auka med kr 12,9 mill. Netto får vi dermed eit auka underskot eller finansieringsbehov på kr 8,0 mill. For å balansere budsjettet i 2019 må inntektene aukast eller drifta kuttast med totalt kr 14,6 mill. I 2020 reknar vi så med auka inntekter på kr 5,26 mill. Inntektene vert brukt til å auke ramma til tenesteområda med kr 3,25 mill., og

til resultatforbetring på kr 2,0 mill. Til saman i økonomiplanperioden reknar vi med auka inntekter med kr 21,8 mill., auka ramme til nye tiltak i tenesteområda med kr 17,9 mill. og resultatforbetring på kr 3,9 mill. Av dette er rammeauken til tenesteområda i 2019 åleine på kr 12,9 mill.

## 5. Innsparingstiltak

For hele perioden 2019-2022 er resultatet før særskilte innsparingstiltak i sum eit meirforbruk eller underskot på kr 35,2 mill. Rådmannen har som intensjon å oppfylle resultat-målsettingar som låg til grunn i økonomiplanen vedteken i juni 2018. Dette betyr:

- 2019: Budsjett i balanse
- 2020: Overskot på 1% som kan settast av til disposisjonsfond og til å dekke opp for eventuelle ekstra utgifter som kan kome i løpet av budsjettåret
- 2021 og 2022: Overskot på minimum 1,75%, som svarar til det som fylkesmannen tilrår som eit fornuftig overskot på driftsbudsjettet for kommunane.

For å oppfylle desse målsettingane må rådmannen fremje ytterlegare tiltak. Desse er:

### For å auke inntektene:

1. Auke eigedomsskatt, årseffekt 7,6 mill. auke frå 2019.
  - a. Auke skattegrunnlaget ved å retaksere hus og hytter med 20% (kontorjustering). Takstane har vore uforandra i 10 år. SSB sine prisvekst tal viser verdiauke på mellom 40% og 50% i denne perioden. Justering med 20% synast rimeleg og vil gje auke i inntekter med kr 2,95 mill.
  - b. Auke i promillesats frå 3,5 til 4,5 vil gje kr 4,65 mill. ekstra.
2. Bruk av disposisjonsfond

Rådmannen legg inn bruk av disposisjonsfond til å dekke miljøprosjekt i skulen med kr 1,0 mill. i 2019 slik kommunestyret har gjort vedtak om tidlegare. Kostnaden til prosjektet er innarbeidd i utgiftsramma til ungdomsskulen for 2019.
3. Auka bruk av flyktningefondet

Kommunestyret har tidlegare vedteke å avsetje til fond midlar som kommunen mottok i integreringstilskot og andre flyktningetilskot, som ikkje vert brukt til tenester og utbetalingar til flyktningane i det einsskilte år. Dette er ei form for sjølvpålagt sparing til seinare bruk når kommunen ikkje lenger får tilskot for flyktningane, men fortsatt har utgifter til dette arbeidet. Dei andre Alverkommunane har ikkje spart på denne måten. Fondet er per 1.1.2019 truleg på om lag kr 16,5 mill. (avhengig av kor mykje som vert avsett i 2018). I framlegget legg rådmannen opp til å auke bruken av fondet med til saman kr 4,7 mill. i økonomiplanperioden, av dette kr 1,7 mill. i 2019, ut over det som er gjeldande prinsipp for bruk av dette fondet.
4. Innsparing renter og avdrag ved å ta ut heile utbygginga av ny ungdomsskule og kommunalt tilskot til ny arbeidskyrkje frå økonomiplanen og skyve prosjekta til etter 2022.

Totalt vil desse prosjekta ha om lag kr 21,0 mill. i renter og avdrag per år dersom dei vert realisert. I vedtaket om økonomiplan frå juni 2018 vart deler av prosjektsummen til ungdomsskulen skjøve ut til etter 2022, og no foreslår rådmannen å flytte heile ungdomsskuleprosjektet og tilskotet til arbeidskyrkja ut av investeringsframlegget for perioden 2019-2022, og dermed spare ytterlegare kr 10,0 mill. i renter og avdrag i økonomiplanperioden, mesteparten av dette mot slutten (kr 6,94 mill. i 2022).

## Reduksjon utgifter:

### 5. Strukturendring skule

Ein av dei store utfordringane i Melandskulane er at vi har mange ekstra klassar som følgje av språkdeling. I tillegg har Rosslund skule hatt synkende elevtal på ungdomstrinnet dei siste åra. Rådmannen foreslår difor ei todelt strukturendring frå hausten 2019 med at ungdomstrinnet på Rosslund skule vert overført til Meland Ungdomsskule og at 5. til 7. trinn ved Vestbygd skule vert overført til Rosslund skule. I 2019 reknar vi med å kunne spare 2,6 mill. på tiltaket, med ein årseffekt på kr 6,0 mill. per år frå 2020.

### 6. Stenge ned rom på sjukeheimen kombinert med styrking av heimetenesta.

Tiltaket inneber å stenge 4 rom på sjukeheimen, og samstundes styrke heimetenestene for å kunne dekke opp for ekstra tenestebehov der, som følgje av tiltaket. Netto er dette rekna å gje ei årleg innsparing på kr 1,7 mill.

Ytterlegare kommentarar til desse tiltaka er teke med i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2019. Tabellen nedanfor viser resultatet av desse tiltaka. I 2019 gjev tiltaka innsparing på kr 14,6 mill., og dermed er det balanse mellom inntekter og utgifter i budsjettframlegget. I 2020 oppnår vi eit overskot på 4,8 mill., som er 1% av netto finansinntekter, medan overskotet for 2021 og 2022 er over tilrådinga på 1,75%. Merk at vi oppnår dette overskotet i 2021 og 2022 samstundes som vi legg opp til få eller ingen nye tiltak seinare i økonomiplanperioden, slik det også framgår av tabellen nedst på side 5. Det er lagt inn nye tiltak med til saman kr 5,0 mill. i perioden 2020 – 2022. Auken på kr 12,9 mill. frå 2018 til 2019 inkluderer pris- og lønsvekst med 2,8%. Basert på utgifter i 2018 på kr 467 mill. inneber dette ein prisjustering på 13,1 mill. Dette inneber at reelt er rammene frå 2018 til 2019 i samanliknbart prisnivå redusert med kr 0,2 mill. Dette er før vi tek omsyn til dei særskilte innsparingstiltaka.

Vi har og laga ei skisse for korleis eit budsjett for 2023 kan sjå ut dersom vi realiserte bygging av ungdomsskulen og gav tilskot til kyrkja med til saman kr 486,5 mill. (kr 399 mill. til ungdomsskule og kr 87,5 mill. til arbeidskyrkje). Av dette er kr 389 mill. låneopptak som vil gje årlege renter og avdrag med kr 20,7 mill. Nesten heile overskotet bygd opp i løpet av 2022 vil verte brukt opp, sjølv når vi fortsatt har med oss alle innsparingar gjennomført i økonomiplanperioden. Vi har heller ikkje auka driftsnivået med nye tiltak.

Rammer per tenesteområde	rev. bud	budsj	øk.plan	ok.plan	øk. plan	skisse
Økonomiplan 2019-2022	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Rammetilskot, skatt og andre finanspostar	460 220	465 150	470 410	476 055	481 980	485 020
Sum rammer per Tenesteomr. før innsparingar	466 850	479 780	483 030	483 730	484 730	484 740
<b>Resultat før særskilte innsp.tiltak</b>	<b>-6 630</b>	<b>-14 630</b>	<b>-12 620</b>	<b>-7 675</b>	<b>-2 750</b>	<b>280</b>
Auke eigedomsskatt		7 600	7 600	7 600	7 600	7 600
Bruk av disp.fond (inkl. miljøprosjekt i skulen)	6 630	1 000				
Auka bruk av flykningefond		1 730	1 500	1 500	1 500	1 500
Innsparing renter/avdrag med forsk. av skule og kirke			620	2 475	6 950	-13 700
<b>Sum endringar inntekter og netto finanspostar</b>	<b>6 630</b>	<b>10 330</b>	<b>9 720</b>	<b>11 575</b>	<b>16 050</b>	<b>-4 600</b>
Strukturendr. skule		2 600	5 400	5 400	5 400	5 400
Stenge rom sjukeheimen/auke heimetenesta		1 700	1 700	1 700	1 700	1 700
<b>Sum endringar utgiftsrammer til tenesteområda</b>	<b>-</b>	<b>4 300</b>	<b>7 100</b>	<b>7 100</b>	<b>7 100</b>	<b>7 100</b>
<b>Netto innsparingstiltak / anna driftsfinansiering</b>	<b>6 630</b>	<b>14 630</b>	<b>16 820</b>	<b>18 675</b>	<b>23 150</b>	<b>2 500</b>
<b>Etter særskilte tiltak:</b>						
Rammetilskot, skatt og andre finanspostar	466 850	475 480	480 130	487 630	498 030	480 420
Sum rammer per Tenesteomr. etter innsparingar	466 850	475 480	475 930	476 630	477 630	477 640
<b>Resultat (kan avsetjast til disp.fond):</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>4 200</b>	<b>11 000</b>	<b>20 400</b>	<b>2 780</b>
Overskot i % av netto finans	0,00 %	0,00 %	0,89 %	2,31 %	4,23 %	0,57 %



Det er og mogeleg å fortsette drifta med bruk av disposisjonsfond utan å gjennomføre rådmannen sine framlegg til særskilte innsparingstiltak. Utfordringa med dette er at utan desse tiltaka er ikkje disposisjonsfondet stort nok til å dekke dagens driftsnivå i litt meir enn eitt år. Det vil heller ikkje vere forsvarleg økonomistyring å leggje opp til eit driftsnivå som er meir enn kr 14 mill. høgare enn dei forventa inntektene frå drifta. I tillegg vil vi gå inn i Alver med eit alt for høgt driftsnivå.

## 6. Disposisjonsfond og flyktningefond

Meland kommune sitt disposisjonsfond per 31.12.2017 er på kr 29,1 mill. Revidert prognose for 2018 viser bruk av disposisjonsfondet til drift i 2018 med kr 6,6 mill. og kr 5,45 mill. til investeringar. Fondet er dermed på om lag kr 17 mill. per juni 2018. I 2019 legg rådmann opp til eit budsjett som balanserast ved bruk av fond kun til miljøprosjektet i skulen med kr 1,0 mill.

Disposisjonsfond - prognose	2018	2019	2020	2021	2022
Beholdning 01.01	29 080	17 030	16 030	20 230	31 230
Bruk av fondet til drift	-6 600	-1 000			
Bruk av fondet til investeringar og tilskot	-5 450				
Avsetning til fond			4 200	11 000	20 400
<b>Behaldning 31.12</b>	<b>17 030</b>	<b>16 030</b>	<b>20 230</b>	<b>31 230</b>	<b>51 630</b>

Disposisjonsfond - prognose dersom ikkje kutt vert gjennomført	2018	2019	2020	2021	2022
Beholdning 01.01		17 030	2 400	-10 220	-17 894
Bruk av fondet til drift		-14 630	-12 620	-7 675	-2 750
<b>Behaldning 31.12</b>		<b>2 400</b>	<b>-10 220</b>	<b>-17 894</b>	<b>-20 644</b>

Minus betyr manglande dekning

Flyktningefond - prognose	2018	2019	2020	2021	2022
Avsetn. (+) eller bruk av fondet til drift	3 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Ekstra bruk - særskilt budsjetttiltak		-1 730	-1 500	-1 500	-1 500
<b>Behaldning 31.12</b>	<b>17 500</b>	<b>13 770</b>	<b>10 270</b>	<b>6 770</b>	<b>3 270</b>

Dersom kutt i drifta som framlagt over ikkje vert gjennomført vil disposisjonsfondet blir brukt opp i løpet av 2020, og vi vil opparbeid oss eit akkumulert underskot på kr 20,6 mill. ved utgangen av 2022. Kommunestyret har tidlegare signalisert ynskje om å bruke midlar frå disp.fondet til mellom anna breibandsutbygging og andre tiltak/investeringar. Dersom det ikkje vert kutta i drifta og investeringsplanane, syner prognosane at vi ikkje vil ha midlar tilgjengeleg til å finansiere slike tiltak.

Tabellen over viser og sannsynleg utvikling av flyktningefondet i økonomiplanperioden. Vi reknar med at dette har ein verdi på kr 17,5 mill. ved utgangen av 2018, og at det er bruk for å trekke av fondet i heile økonomiplanperioden til ordinær drift med om lag kr 4,5 mill. per år, slik at vi kan rekne med ein verdi per 31.12.2022 på dette fondet på om lag kr 3,3 mill. Vi antar da at vi i tida framover får ein reduksjon i talet på flyktningar og dermed reduserte årlege flyktningemidlar. Auka utgifter til drifta av tenesta i perioden framover saman med rådmann sitt framlegg om ekstra uttak av fondet gjer at det vert monaleg redusert i tida framover.



## 7. Investeringar økonomiplan 2019-22

Nedanfor følger oppsummering av framlegget til investeringar i økonomiplanperioden.

Alle tal i heile 1000 kr og inkl. mva

Investeringar i ordinære driftsmidlar	Prognose 2018	2019	2020	2021	2022	Sum 19-22	Seinare
IKT	4 900	2 075	1 800	1 625	1 625	7 125	-
Skular og barnehage	32 963	35 588	1 500	2 750	1 500	41 338	398 750
Helse, sosial og omsorg	25 580	23 125	22 500	22 500	-	68 125	-
Kyrkje, kultur og næring	10 900	25 450	17 125	8 000	-	50 575	87 500
Teknisk sektor	27 600	15 313	6 500	6 500	5 625	33 938	31 250
<b>Sum ordinære driftsmidlar:</b>	<b>101 943</b>	<b>101 551</b>	<b>49 425</b>	<b>41 375</b>	<b>8 750</b>	<b>201 101</b>	<b>517 500</b>
Sum andre kapitalutgifter:	17 650	10 650	11 700	12 700	12 700	47 750	-
<b>Sum driftsmidlar og andre kapitalutgifter</b>	<b>119 593</b>	<b>112 201</b>	<b>61 125</b>	<b>54 075</b>	<b>21 450</b>	<b>248 851</b>	<b>517 500</b>
Vatn	18 040	78 800	47 850	13 300	13 100	153 050	-
Avlaup	11 945	25 200	12 700	9 900	3 000	50 800	-
<b>Sum VA-investeringar:</b>	<b>29 985</b>	<b>104 000</b>	<b>60 550</b>	<b>23 200</b>	<b>16 100</b>	<b>203 850</b>	<b>-</b>
<b>Sum alle investeringar:</b>	<b>149 578</b>	<b>216 201</b>	<b>121 675</b>	<b>77 275</b>	<b>37 550</b>	<b>452 701</b>	<b>517 500</b>
<b>Finansiering og kapitalinntekter:</b>							
Lån Husbanken for vidareutlån	7 000	8 000	9 000	10 000	10 000	37 000	-
Bruk av kapitalfond til vidareutlån	8 000	-	-	-	-	-	-
Mottekne avdrag startlån	1 600	1 600	1 600	1 600	1 600	6 400	-
Mva-refusjon	15 183	18 310	7 885	6 275	1 750	34 220	103 500
Bruk av disp.fond	3 450	-	-	-	-	-	-
Bruk av kapitalfond	1 050	1 050	1 100	1 100	1 100	4 350	-
Lån ordinære driftsmidlar	83 310	83 241	41 540	35 100	7 000	166 881	414 000
Lån vatn og avlaup	29 985	104 000	60 550	23 200	16 100	203 850	-
<b>Sum finansiering alle driftsmidlar:</b>	<b>149 578</b>	<b>216 201</b>	<b>121 675</b>	<b>77 275</b>	<b>37 550</b>	<b>452 701</b>	<b>517 500</b>

Rådmannen har i framlegget til investeringar teke utgangspunkt i førre økonomiplan, justert for endringar som er gjort i revidert budsjett for 2018. I tillegg er heile investeringssummen på kr 399 mill. (Kr 400 mill. minus 1 mill. i planleggingsmidlar budsjettet i 2018) til ny ungdomsskule på Frekhaug og tilskotet til kyrkja på kr 87,5 mill. teke ut frå perioden 2019 – 2022 og plassert i kolonna «seinare». Her er og plassert kr 31,25 mill. til prosjekt Frekhaug sentrum.

Forskyvinga er gjort fordi rådmannen meiner kommunen ikkje har økonomisk handlefridom nok til å gjennomføre investeringane som førre økonomiplanvedtak la opp til.

Det er og i dette framlegget lagt inn kr 28,9 mill. til modulbygg på Meland Ungdomsskule slik at det blir tilstrekkeleg med klasserom til at tiltaket med omlegging av skulestrukturen kan implementerast. Dersom dette vert teke ut, kan denne investeringsbeløpet til modulbygg reduserast med 14,65 mill. til kr 14,25 mill., som uansett må budsjetterast i påvente av evt. ny ungdomsskule.

Sum investeringar i økonomiplanperioden er dermed kr 453 mill. i rådmannen sitt framlegg.

Prosjektsummane er lagt inn inkludert mva. for heile perioden (unnateke investeringane i vatn- og avløp som er utan mva). Det er vidare gjort ei prinsippending i korleis ein bereknar renter og avdrag på investeringane ved at ein no tek med auke i renter og avdrag i investeringsåret på dei ulike prosjekt med 50% av årseffekten.

I førre plan la ein til grunn at renter og avdrag starta opp året etter investeringsåret. Dette er ei tilpassing til prinsippa som også vert nytta av Radøy og Lindås kommunar.

Det er ikkje berekna renter og avdrag på lån til investeringar innan VA, området, då ein legg til grunn at desse vert finansiert med tilsvarande auke i gebyrinntekter.

## 7.1. Auke i renter og avdrag

Endring renter og avdrag (ekskl. VA)	2019	2020	2021	2022	Sum 19-22	Seinare
Rentesats	2,00 %	2,50 %	2,90 %	2,85 %		2,90 %
Renter (auke i forhold til 2018)	-800	-2 470	-3 830	-4 180	<b>-10 480</b>	-12 010
Avdrag (auke i forhold til 2018)	-2 752	-4 677	-5 844	-6 577	<b>-17 098</b>	-10 000
<b>Sum Renter og Avdrag nye driftsmidlar frå 2019</b>	<b>-3 552</b>	<b>-7 147</b>	<b>-9 674</b>	<b>-10 757</b>	<b>-27 578</b>	<b>-22 010</b>

(Årseffekt)

Investeringsframlegget inneberer ei auke i driftskostnadar per år til renter og avdrag som i tabellen over. Investeringar i 2019 vil auke kostnadane med kr 3,5 mill., medan veksten per år i 2022 vert kr 10,8 mill. Inkludert i dette er renter og avdrag frå 2020 på kr 0,6 mill. per år for å dekke ekstra finansieringskostnadar av modular knytt til omlegging av skulestrukturen.

Årseffekten av rådmannen sitt framlegg om å flytte totalt kr 517,5 mill. i investeringar til seinare er reduksjon av kostnadar med kr 22 mill. per år som er innarbeidd i dei ovanfor presenterte tal.

## 7.2. Auke i gjeld i økonomiplanperioden

Basert på rådmannen sitt investeringsframlegget kan ein berekne framtidig gjeldsvekst slik:

Utvikling gjeldsnivå	Prognose 2018	2019	2020	2021	2022	Sum 19-22
Gjeld 1.1 i året	596 000	665 695	834 783	917 797	956 852	<b>665 695</b>
Nye startlån	7 000	8 000	9 000	10 000	10 000	<b>37 000</b>
Lån til ordinære driftsmidlar	83 310	83 241	41 540	35 100	7 000	<b>166 881</b>
Lån til VA-prosjekt	29 985	104 000	60 550	23 200	16 100	<b>203 850</b>
Bruk av ubrukke lånemidlar	-32 000					
Avdrag	-18 600	-26 152	-28 077	-29 244	-29 977	<b>-113 451</b>
<b>Gjeld ved utgangen av året</b>	<b>665 695</b>	<b>834 783</b>	<b>917 797</b>	<b>956 852</b>	<b>959 975</b>	<b>959 975</b>

Sum gjeld ved utgangen av økonomiplanperioden er berekna å bli kr 960 mill.

Sjølv med dei reduksjonar i investeringsbudsjettet som rådmannen gjer framlegg om vil gjeldsnivået auke monaleg i økonomiplanperioden fram til 2022, og kommunen vert svært sårbar for auke i rentenivå. Renteauke på 1% inneber auka renteutgifter per år med 9,6 mill. i 2022.

Detaljert investeringsframlegg med kommentarar til kvart einskild prosjekt er inkludert i rådmannen sitt budsjettframlegg for 2019.